

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 16.06.2025

Frå styremøte i Nordfjord Miljøverk IKS

Tid: Måndag 16.06.2025 kl. 10:00 – 14:30
Møtestad: Hovudkontor Eidsmona

Til stades: Sven Flo, Jan Henrik Nygård, Marit Elisabeth Larssen
Gunn Sande, Jorunn Frøyen og Tor Olav Sande

Administrasjon: Inge Bent Arnestad
Frode Denk
Alexander Wilke

Innleiingsvis fekk styret informasjon og odet vart seinare omvising på anlegget i Eidsmona.

16/25 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Innkalling og sakliste vert godkjent

- Drøfting knytt til evaluering av styret og dagleg leiar vert gjort i sak 21/25.
- Møtebok 2025 er sendt til nye styremedlemmar 30/4-25.

Styret gjorde deretter følgjande

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 17/25 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ FØRRE STYREMØTE

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Møtebok frå førre styremøte 07.03.25 er godkjent, og signert elektronisk.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 16.06.2025

SAK 18/25 PERIODEREKNESKAP PR. 30. APRIL 2025

Vedlagt følger rekneskapsrapport.

Bokført resultat:

- Rapporten viser eit driftsresultat på kr. 2 608 099,- mot budsjett kr. 158 465,-
- Bokført resultat etter finans er kr. 2 856 386,- mot budsjett kr. 35 743,-

Kommentarar:

- inntekter på abonnementsgebyr både på hushald og næring er periodisert i samsvar med faktisk fakturert
- inntekter slam er bokført i samsvar med utgåande faktura, og kostnadsført med 85% av samla inntekt (15% administrasjonspåslag)
- mottekne inngåande faktura er bokført/avsett i perioden

Oppsummering resultat

Netto positivt resultat skuldast i hovudsak:

- 0,4 mill. i ekstraordinære inntekter sal av driftsmidlar (maskiner/lastebilar)
- 1,2 mill. lågare handsamingskostnader avfall enn budsjett
- 0,8 mill. under budsjetterte andre driftskostnader
- 0,3 mill. over budsjett i resultat finans

Utfyllande informasjon vert gjeve i styremøtet.

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret tek framlagde rekneskapsrapport pr. 30. april 2025 til orientering.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 16.06.2025

SAK 19/25 NYTT KUNDEHANDSAMINGSSYSTEM

BAKGRUNN

Viser til orienteringssak 44/24 og 07/25 – Nytt kundesamlingssystem

NoMil nyttar kundesamlingssystemet ISY ProAktiv levert av Norconsult. Norconsult har vedteke å utvikle systemet, og NoMil har inngått ei bindande vedlikehaldsavtale fram til utfasing av systemet 31.12.2026.

SAKSUTGREIING

NoMil er med i ei gruppe i regi av Samfunnsbedriftene som kartlegg alternative system med fokus på handtering/synkronisering av offentleg informasjon mot offentleg matrikelopplysningar.

Etter utfasing av ISY ProAktiv, vil Norkart / KOMTEK slik det ser ut pr. no vere einaste reelle alternativet.

NoMil er vidare i dialog med andre renovasjonsselskap som har ISY ProAktiv eller KOMTEK som ynskjer å byte.

Administrasjonen ser ikkje føre seg å tilsetje eigen dataressurs eller utvikle strukturar for å ta i vare våre krav til system for handtering av kundeopplysningar, økonomi og fakturaprogram, vektregistrering, informasjonssystem med meir.

Administrasjonen er no i dialog med andre renovasjonsselskap for å sjå på mogelegheit for eit tettare samarbeid om felles datadrift. I løpet av dei komande månadane vil det vere naudsynt med å ta stilling til ulike alternative løysingar.

For at administrasjonen skal ha tilstrekkeleg handlingsrom for å vurdere ulike løysingar, ser ein eit behov for i samarbeid med styreleiar å kunne ta slutningar på kort varsel.

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret gjev styreleiar fullmakt til å vurdere ulike løysingar for etablering av ny datastruktur i samråd med administrasjonen fram til neste styremøte.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 16.06.2025

SAK 20/25 ORIENTERING- OG DRØFTINGSSAKER

Status fråvær og personale

I samband med overgang til nytt personalsystem er fråværsrapport frå 2025 endra. Samla sjukefråvær pr.31.05.2025 er 7,21%, en nedgang på 22% frå 9,24%.

Dato	Dagsverk	Fråvær 1-3 dagar		Fråvær 4-16 dagar		Fråvær over16 daga		Fråvær totalt	
	dagar	dagar	%	dagar	%		%	dagar	%
28.02.2025	1716	11,4	0,66	17	0,99	130	7,59	159	9,24
31.05.2025	4195	25	0,6	25	0,64	251	5,97	301	7,21

Av totalt sjukefråvær i Nomil er 82,8% relatert til langtidsfråvær. Korttidsfråvær er under gjennomsnitt i Norge. Langtidsfråvær er forventa å gå ned i neste periode. Det er ikkje registrert alvorlege arbeidsuhell med etterfølgjande arbeidsrelatert sjukefråvær i perioden.

Utfyllande informasjon i møte

AMU

Oppstartsmøte i AMU (arbeidsmiljøutval) vart halde den 09.05.2025, der det vart avtalt tidspunkt for 3 nye møter. Alexander Wilke er vald som leiar for AMU og representerer arbeidsgjevar samen med driftsleiar Frode Denk. Trude Myrøld Holvik og Stian Hopland er vald av dei tilsette.

Nye tilsetjingar

Det er no tilsett ny miljø- og kvalitetsrådgjevar i eksisterande stillingsheimel med oppstart 01.09.2025.

I tråd med tidelgare drøfting i styret i sak 27/24 Budsjett 2025, er det tilsett ny kundekonsulent næring frå 01.09.2025.

Utfyllande informasjon i møte

Status drift

Redusert langtidsfråvær og nye resursar innan personale- og økonomiforvaltning har minska arbeidspresset i administrasjonen og på hovudanlegget/avdelingane. Avfallsmengda er aukande som normalt for perioden. Det er utført vesentleg vedlikehald på kvern, bilar og maskiner i løpet av vår/forsommar.

Status gjenbruksstasjonane i Bremanger, Haugen og Vedvik

Administrasjonen har vore i dialog med kommunane og drivarar knytt til framtidig drift av stasjonane.

Utfyllande informasjon i møte

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 16.06.2025

Slamavtale

Administrasjonen har vore i dialog med Kinn kommune og Sunnfjord Miljøverk IKS om vidareføring /bruk av opsjon av eksisterande avtale.

Utfyllande informasjon i møte

Pågåande forlikssaker

Utfyllande informasjon i møte

Status personalsaker

Utfyllande informasjon i møte

Felles styreseminar med Sunnfjord Miljøverk IKS og SIMAS

Informasjon om felles styreseminar med renovasjonsselskapa i Sogn og Fjordane.

Vedlagt invitasjon med program.

Budsjett 2026

Innspel frå administrasjonen:

Nytt abonnementsystem

Kommunikasjon;

- Sende ut informasjon om gjeldande og nye ordningar til alle abonnentar
- Utarbeide plan for informasjon og utadretta verksemd

Miljø og logistikk;

Etablere elektronisk løysing for

- handtering av farleg avfall, avfallsregistrering hushald/næring

Bygg og anlegg;

Eidsmona:

- Nytt utsleppsløyve – tiltak
 - Miljø/ overvakingsprogram verd hovudanlegg og Ivahola
- Industrivern
 - Brannvarslingsanlegg storhall og papir/plast lager/pakking

Purkehola:

- Avklare behov for meir innvendig lagringsareal

Bilar og maskiner;

Nordfjordeid: Ny ordinær renovasjonsbil (ordinær utskifting)

Eidsmona: Nytt 50-tonns vogntog (ordinær utskifting)

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 16.06.2025

Økonomiplan 2026 – 2029

Innspel frå administrasjonen:

Vurdering av ny stilling som kommunikasjonsmedarbeider

- Kostnadsestimat 1,0 mill. pr år

Eigarskap i felles dataselskap med andre renovasjonsselskap

- Kostnadsestimat 2,0 mill.

Ny avfallskvern (elektrisk)

- Kostnadsestimat 10 mill.

Opparbeiding av uteområde ny tomt (oppfylling, infrastruktur, asfaltering)

- Kostnadsestimat ikkje utarbeidd

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Styret tek orienteringane til vitande.

Styret sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Møteprotokoll	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 16.06.2025

SAK 21/25 EVALUEING AV STYRE OG DAGLEG LEIING

Bakgrunn

Styreinstruks for styret og dagleg leiar

Sakshandsamar

Styreleiar Sven Flo

Styret skal i tråd med styreinstruks punkt 5 sørge for ei forsvarleg forvaltning av verksemda, mellom anna ved å:

- føre tilsyn og kontroll med den daglege leiing og verksemda si verksemd elles.
- sjå til at verksemda vert drive og vidareutvikla innanfor fastsette formål, selskapsavtala, standardforskrifta og representantskapsvedtak.
- sjå til at det er ei forsvarleg og hensiktsmessig organisering av verksemda, herunder løpande vurderingar av organisasjonsstrukturen
- sjå til at verksemda har kvalifisert leiing og personell
- evaluere styret og dagleg leiing kvart år

Vedlegg:

Styreinstruks

Evalueringsskjema styre og dagleg leiing
(felles skjema)

Styreleiar si

TILRÅDING

Ovannemnte evaluering av styre og administrasjon vert teke til etterretning (unn.off.)

Etter drøftingar i styret vart det gjort følgjande

VEDTAK

Saka vert utsett til neste styremøte

Sign. :	
---------	--